

SISTE INDRE

Vi er gode nyheter



Eit jubileum til ettertanke

Eit jubileum kan ofte vera ein nyttig anledning til å stanse opp og reflektere litt.

I mai markerte vi i ImF-Rogaland at Ognatun er 60 år. Dette fokuset på Ognatun og arbeidet gjennom 60 år inneheld viktige påminningar for alt indremisjonsarbeid.

Dei som starta arbeidet med å byggja leirstaden hadde stort mot og gjekk i truskap til Gud. Kanskje vi i vår tid treng å læra av dette mot og gå i tillit til Gud. Tida vi lever i er prega av kva at vi set oss menneske i sentrum, og kva vi kan få til. Dette pregar oss også i misjonsarbeidet. La difor dei som starta arbeidet med å byggja Ognatun minna oss på å våga store ting for Gud og rekna med store ting av Gud.

Gjennom leirarbeidet fekk barne og ungdomsarbeidet stor plass og fokus. Det vart svært synleg kor viktig dette arbeidet er og kor høgt det vart prioritert. Og gjennom alle år har leirarbeidet på Ognatun blitt høgt prioritert i ImF-Rogaland. Erkjenninga som ligg bak dette er at ein kvar ny generasjon må nåast med evangeliet. Ei utfordring til oss alle i alt kristent arbeid om å ha eit stort fokus på å leggja til rette for eit arbeid som kan nå generasjonen som kjem etter oss. Makter vi ikkje dette stopper arbeidet og med det utbredelsen av evangeliet.

Ognatun jubileet og mange andre jubileum viser oss mange trufaste misjonsvenner som har stått på og vore trufaste i arbeidet over lang tid. Ja truskapen til arbeidet har vore ein viktig føresetnad for at ein har lykkast og leirstaden er i dag opprusta og framtidsretta.

Trenden i tida og erfaringar frå mykje kristen arbeid er nok heller det motsette av dette. Mange kristne vil bli betjent og få dekkja sine åndelege behov men er ikkje så opptatt av å yte til ein samanheng. Det spørst om ikkje mange lag og forsamlingar kunne fått eit oppsving om truskap og det å vera ein å rekna med fekk fornya honnør.

Leirarbeidet på Ognatun har vore prega av eit ynskje om å formidla Bibelens bodskap og Jesus som vegen, sanninga og livet. At Jesus er ein god venn som ynskjer å gå med oss alle dagar her på jord. Og at eit liv i lag med Jesus fører ein trygt heim til himmelen. At Jesus er det einaste namn ein kan bli frelst ved for tid og æva. Vi merkar at fokuset er i ferd med å endre seg, I kristen forkynning og undervisning er det livet her på jord som får mest merksemd. Den viktige dimensjon som gjeld himmelen blir tona ned. Vi trur at det å ha ein stor himmel over livet også gjev den største og djupaste meining til livet her på jord.

Men i leirarbeidet vart heile menneske tatt på alvor gjennom aktivitet, kosekveld, kunne prate med vaksne og nye vennskap. Våre forsamlingar og lag treng også å ha fokus på dette. Vår tid treng fellesskap der menneske kan få vera med heile seg både menneskeleg og åndeleg. Slike fellesskap gjev det beste grunnlag for vokster og liv!

På leir vart ein oppfordra til å fylja Jesus. Ein vart stilt på val. Jesus var også klar i sin tale. Enten er du med eller så er du imot. Enten samlar ein eller så spreier ein. Ja, den breie og den smale veg la Jesus fram for folket. Ein veg til himmelen, ein til fortaping. Det stormar rundt desse Bibelske sanningar. Må det ikkje bli vår generasjon som lar denne Bibelske sanning gå tapt.



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjøhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Anita Auestad 481 92 104

Fungerende kretsleiar
Terje Slettebø
Tlf 970 10 538

Kretsstyreleder
Kari Helen Garheim
Tlf 975 74 550

Bankgironr.
8220.02.80101

vpps # 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Terje Slettebø
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjøhusvegen 70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Elisabeth Kalvenes
Tlf. 51 79 38 88

– Vi kan hjelpe hverandre og gå i lag med hverandre

Kristoffer kom med forventning, men Bildøy-året overgikk alt han hadde sett for seg.

► Tekst: Ole Johan Bredvei Hvarnes

Helt siden Kristoffer Vassbø fikk høre om bibelskoler for første gang, tenkte han at han ville gå på en. Flere skoler har vært oppe til vurdering. På Lyngdal Bibelcamp fikk han høre en god del om Bildøy. Mange tidligere studenter bidrar i opplegget for barn og ungdom. Fra scenen kommer det også litt informasjon om bibelskolen i ny og ne. Faren til Kristoffer gikk også på Bildøy en gang i tida. Valget falt derfor til slutt på Bildøy. Den nyutdannede elektrikeren fra Lyefjell satte kursen nordover mot Øygarden. Han så fram mot et friår, der han både fikk slappe av etter læretida og bli bedre kjent med Jesus.

Overgikk forventningene

– Jeg hadde litt forventninger før jeg begynte på Bildøy, med det har blitt mye mer kjekt enn forventet. Slik innleder Kristoffer samtalen, og han trekker med en gang fram miljøet på skolen som en viktig faktor.
– Det var enormt kjekt å bli kjent med folka, og det er de som har vært med å gjøre dette året så bra som det har vært.

Guttefellesskapet

De siste tre årene har studentene selv drevet initiativet «Søstrene» og «Krigerne». En ettermiddag i uka samles jentene og guttene hver for seg.
– Alle guttene går i lag, ber for hverandre, bekjenner synd for hverandre. Jeg har ikke tenkt det var så naturlig før, men når vi gjør det, så er det veldig godt, selv om det høres litt rart ut. Kristoffer visste ikke om dette opplegget før han begynte, men han er full av lovord om det.
– Vi kan hjelpe hverandre og gå i lag med hverandre. Det har vært flott å være med på, synes jeg.

Læring

Det er ikke bare miljøet som har vært viktig. Gjennom undervisningen har han, som han håpet, fått lære mer om Jesus og hans ord.
– Lærerne er flinke på å se elevene og undervise. Selv forteller han at troa har vært stødig gjennom livet. Oppveksten i et kristent hjem, egen bibellesing mot slutten av ungdomsskolen og input på Tryggheim vgs har hatt betydning. Å få støtte opp troa med enda mer kunnskap synes han har vært «veldig flott». Det har vært interessant å lære om ulike tolkninger av samme vers, og ikke bare lærernes fasit, synes han. Selv om det er noen ting som skiller ulike kristne retninger, er det noe som er felles:
– Det er evangeliet som er det viktigste. Vi kan samles om at vi tror på samme Jesus og samme Gud.

Livet på Lovsang

Med linja reiste han i vinter til USA i to uker. Til tross for jetlag ble det en bra tur.
– Det var spennende å være rundt i kirkene som var der. I en av kirkene var det så mye lyd og sang at de måtte ha på ørepropper. I en annen var det 7500 sitteplasser. Ganske annerledes fra forholdene her hjemme, med andre ord. Her har de brukt tida på å skrive egne sanger, og to av dem har allerede blitt gitt ut.
– Det har vært kjekt å være med på den prosessen. Høydepunktet synes han lovsangskveldene de har arrangert på ulike skoler har vært. Etter mye forberedelser sammen har det vært et trygt miljø i klassen.



Kristoffer Vassbø.

Betydning for livet videre

Et bibelskoleår er mer enn bare et år, for det kan bety mye for veien videre i livet.
– Hva tar du med deg fra Bildøy?
– Jeg tror det har vært bra med tanke på gode rutiner. Stilletid hver morgen, der det er satt av tid til å brukes i Bibel og bønn. Kristoffer avslutter der han startet, med å trekke fram medstudentene:
– Og gode venner, som jeg kan ha med meg i livet, og som jeg kan snakke med alt mulig om. Det har hjulpet meg.



Ny organisasjonsmodell vart einstemmig vedtatt

Eit samla årsmøte i ImF-Rogaland gjekk inn for kretsstyre sitt forslag om å prøve ut nettverksmodellen til å organisere indremisjonsarbeidet framover. Med dette fekk kretsen landa ein 5 år lang organisasjonsprosess. Hovudtanken i den nye modellen er at leirarbeidet på Ognatun framleis blir kretsen sin oppgåve. Og at ein byggjer nettverk mellom forsamlingane/foreiningane der ein deler erfaringar og kompetanse og hjelper kvarandre i det lokale arbeidet.

► Tekst og foto: Terje Slettebø

På årsmøte 23. april på Ognatun var 47 utsendingar samla. Det vart markert at Torgeir Lauvås takka av etter 15 år som kretsleder i ImF-Rogaland. Han fekk varm takk av årsmøte for det store og flotte arbeidet han har gjort for ImF-Rogaland. Tilsaman har han vore tilsett i kretsen i 19 år. Frå 01. mai går han inn i 100% stilling som ein av pastorane på Fredheim, Sandnes.

Ny kretsleder

Som etterfylgjjar vart Reidar Røyland presentert for årsmøte som ny kretsleder i ImF-Rogaland. Han vil frå 01. aug. gå inn i ein 50 prosent stilling i eit engasjement på eit år som kretsleder.

Kretsen har valt å satse på kretsleder i 50% stilling både på grunn av krevjande økonomi og som eit ledd i å innføre den nye nettverksmodellen der meir ansvar for arbeidet blir flytta frå krets til lokale forsamlingar.

Forkynning

Reidar Røyland sa at han ynskjer innspel i arbeidet og er glad for forsamlingar, foreiningar og lag som tar kontakt. Som kretsleder vil han i tillegg å legge til



Einstemmig årsmøte gjekk inn for nettverksmodellen.

rette for nettverksbygging og drive med forkynning. Han brenn for å få på plass eit forkynnarnettverk. Røyland understrekar at det er viktig at ImF-Rogaland held fast på denne identiteten.

Kretsstyret

I valet til kretsstyret vart Svein Risdal, Riska attvalt og Lillian Skretting, Varhaug og Helge Ims, Sandnes, valt inn som nye medlemmer. Sigve Kydland, Varhaug vart 1 vara. Frå før er Kari Helen Garheim, Klepp stasjon, Geir Inge Byberg, Bore, Reidar Røyland, Sandnes og Grete Thorsen, Bore medlemmer av kretsstyret.



Reidar Røyland leia årsmøte.

Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:
Myrvegen 2, 4344 Bryne
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes
Stasjonsvegen 14, 4360 Varhaug
(2. etasje Spar Varhaug)
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no
www.jarok.no

JÆRØK
Autorisert regnskapsførerselskap

NARF

GRUDE BYGG

Bedriftsveien 35 - 4353 Klepp Stasjon
tlf.: 51 78 98 50

REBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

**Her kan du
annonsere!**

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren **ELPROFFEN**



Misjonsfolket var samla på Ognatun til årsmøtet.

Underskot

Økonomi var også eit sentralt tema under årsmøte. Både ImF-Rogaland og Ognatun merkar at vi er inne i ei dyrtid og la fram rekneskap med underskot. Underskotet i kretsen var på 431 000 kr. For å kome i balanse i 2024 har ein valt å tilsetja ny kretsleder i 50% stilling. Kretsen ynskjer å spare i dei administrative stillingane medan ein vernar om barne og ungdomsarbeidet. Det er eit samla ynskje i misjonsfolket og hjå tilsette medarbeidarar om å satsa på leiararbeidet framover. Men ei stor utfordring er å skaffe nok frivillige leiarar!

Stor aktivitet

For Ognatun vart underskotet i 2023 på kr 880 000, før avskrivningar. Det er gjort tiltak i personalet i vintermånadane, som er spesielt utfordrande, for å få ned kostnadane. Oppussing av dei siste romma i Internatbygget er sett på vent. Det er heldigvis stor aktivitet på Ognatun framover og styret har lagt opp til eit budsjett for 2024

som har eit underskot på 600 000 inkludert avskrivningar.

Gode nyheiter

ImF leder, Runar Landro, var med og heldt minibibeltimen i starten av årsmøte. Tema for timen var: «Sjå, eg gjer noko nytt» Bodskapen til årsmøte var at alt Gud gjer er gode nyheiter. For Israelsfolket i Egypt var det gode nyheiter når Gud sa dei skulle stryka blodet av offerlammet på dørstolpane og dørbjelken. Blodet var deira redning når Gud skulle gå rundt i landet og slå i hel alt førstefødt. «Når eg ser blodet vil eg gå forbi dykk. Ikkje eit einaste drepande slag skal råka dykk når eg slår Egypt. 2. Mos 12.13

Får Gud bruka oss?

Vidare minna Landro om ofringane i GT av mange ulike dyr. Dette peika fram mot Jesus, når Gud handla og ofra Jesus ein gong for alle. Hebr. 10.14 Ei ny understreking av at alt det Gud gjere er godt nytt for oss menneske. Vi i Noreg fekk også del i dette: «Du sende




Reidar Røyland t.v. overtar som kretsleder i ImF-Rogaland frå 01. aug. Torgeir Lauvås t.h. vart takka for 15 år i stillinga som kretsleder.

ditt ord til Noregs fjell, og ljøs over landet strøymde.» I år markerer vi 1000 år-jubileum for kristenretten. Runar la ikkje skjul på at i vårt samfunn i dag er stadig mindre og mindre påverka av Guds ord og Jesus. Men Gud gjer noko, Gud kan gjera noko nytt også i vår tid. Og her hadde ImF lederen ein ransakande bodskap til årsmøte: «Vi har livets rett som arbeidsfellesskap om Gud kan få bruka oss, får han ikkje bruka oss finn han nokre andre»

Til slutt i mini bibeltimen var årsmøte minna om at Guds barn har alltid det beste i vente. Ein dag skal alt bli nytt. Ein ny himmel og ei ny jord. Joh åp. 21. 5 «Sjå eg gjer alle ting nye! Og han seier til meg: Skriv! For desse orda er truverdige og sanne»

På styremøte 14. mai konstituerte kretsstyret seg med Kari Helen Garheim som leiar og Sigve Kydland som nestleiar. I Hyrde og lærerådet for kretsen set Reidar Røyland, Helge Ims og Jan Roald Dalstrøm

Brit Ege Salongen
Tlf: 51 48 03 72



Mange flotte lokale leiarar har stått fram!

Det som har gjort sterkt inntrykk i den tida eg har vore tilsett i ImF-Rogaland er alle dei flotte lokale leiarane som har stått fram og tatt ansvar, og alle nådegåvene som er blitt tatt i bruk. I arbeidet med å byggja levande bedehusforsamlingar har eg fått sett dette og eg har likt det, og heia på det.

► Av Terje Slettebø

Dette seier Torgeir Lauvås i samband med at han 01. mai avslutta sin teneste i ImF-Rogaland og forflytta seg i ImF-familien til Fredheim Arena på Sandnes. Der han har gått inn som ein av pastorane i pastorteamet. Torgeir Lauvås har vore tilsett i ImF-Rogaland i 19 år. Først som forkynnar med ansvar for forsamlingsbygging og frå 2009 har han vore kretsleder.

Spennande nettverk

Er ImF-Rogaland der ein bør vera i arbeidet med forsamlingsbygging? Nei, men sett i lys av strategiprosessen er vi på veg til det, seier avtroppande kretsleder. Han peikar på at kretsen har anerkjent dei flotte resursar og forsamlingar som er lokalt og at ein ynskjer at forsamlingane skal bety noko for kvarandre på tvers av kretsen. Her kan det bli spennande nettverk mellom forsamlingane håper Torgeir, og legg til: -Vi må også tenkja på dei bygdene som ikkje har livskraftige forsamlingar. Vi må finne arbeidsformer slik at mindre forsamlingar og foreiningar også kan lena seg på kretsarbeidet.

Går tilbake

Når vi utfordrar Torgeir på kva som har vore mest krevjande som leiar for arbeidet i kretsen trekkjer han fram det smertefulle i at Guds rike totalt sett går tilbake sjølv om det blir lagt ned veldig mykje resursar i kristent arbeid. -Det uroar at mange unge blir tause og forlater den kristne trua i møte med utdanning og



Torgeir tester trøbåter på Ognatun saman med Tove Br. aut.



Torgeir Lauvås på plass på Fredheim.

det sekulære samfunnet. Vi har dessverre ikkje funne nøkkelen til å breia ut evangeliet breidt i vår tid. Lyspunktet er at fleire kristne no samlast i smågrupper og får påfyll gjennom desse gruppene. Eit resultat av smågrupper som preger vårt trusliv i kvardagen er kraft til å lede nye til tru, er hans analyse.

Regelmessig forsamlingsliv

Difor peikar han på at vi må finna arbeidsformer som passer til den tida vi lever i. Tida er prega av jag, eit velferdssamfunn som krev stadig auka verdiskaping, noko som fører til travle og hektiske liv meiner den nye Fredheim pastoren. - Løysinga i vår tid i møte med dette er ikkje berre vekkingsskampanjer men meir eit regelmessig forsamlingsliv kombinert med smågrupper. Rytmen i forsamlingslivet må vera slik at folk heng med i det lange løp, og det er dette som er dagens vekkingssarbeid, opplever Torgeir.

Ognatun

I arbeidet som Torgeir leda i mange år står Ognatun også sentralt. Han meiner at potensiale er enda større enn det kretsen utnyttar i dag. Men, han minner om at om vi tek med lagsleiar og forsamlingsweekendar, så er totalbruken ganske god. Og, det er flott at vi også kan leie ut leirstaden til andre kristne samanhengar. Leir og stemner har stor verdi, ein blir kjent med nye og får nære relasjonar med andre som igjen kan leggje grunnlag for at nye kan få ta imot Jesus meiner tidlegare kretsleder.

Eit spennande lag

I rolla som kretsleder lika Torgeir seg best når han fekk vera med å hjelpe til litt i vidareutvikling av forsamlingar. Han lika også godt å møte menneske og dele sorger og gleder. Lytte til vitnesbyrd og trusreiser og sjølv få delta med forkynning og undervisning. - Eg kjende meg som ein del av eit spennande lag. Eg fekk vera ein del av det laget som utfører Guds oppdrag, og det er fint, opplever han. Det mest utfordrande som kretsleder var når

det oppstod krevjande situasjonar mellom menneske. Men i nokre av desse prosessane klarte vi også å finna ein god veg vidare, husker Torgeir.

Intern forflytting

Når han nå er på plass på Fredheim, opplever han det som ein intern forflytting, og er glad for å få møta staben i kretsen i ulike samanhengar framover. Han har gått inn som ein del av pastorteamet i forsamlinga og nemner ei lang rekke oppgåver som ventar på han: Med i eldsterådet, fylgje opp huskyrkjene, ansvar for alphakurs, ansvar for diakoni og «Hjertebanken», forkynne på gudstenester og i barne og ungdomsarbeidet, dåp, dåpssamtaler og medlemssamtaler.

Bibelske prinsipp

Kva er dei største utfordringane for indremisjonsarbeidet framover? Pastoren tenkjer seg godt om før han set ord på tankar om framtida. Han minner om at det vil vera viktig at både krets og forsamlingar heile vegen klarer å søkje ei sanning i arbeidet. Ein må leita etter dei Bibelske prinsipp for både liv og lære. Han er uroa for sekularisering og manglande gudsfrykt og ser for seg tøffare tider med meir fråfall frå Gud.

Mammon

Men han ser også håp for framtida: -Husk at Gud elskar rogalandingane like mykje nå som før. Eg har håp om at vekkingar kan koma på nye måtar og at menneske kan bli frelst, me lever jo i nådetida. Gud vil gje vekst, hans ord er spirekraftig. Eg er eigentleg optimistisk sjølv om Mammon er den største avguden i Norge for tida og har fått for mykje makt, påpeiker Torgeir, og legg til; - Gud har kalla oss til å planta og vatna og så. Gud har sagt at han vil gje vekst. La oss heia på kvarandre og stå saman. Eg har gjennom fleire år i teneste opplevd at jo lenger me tener Jesus, jo større han blir. Det er ei god oppleving, sjølv om han er like stor uansett kva som skjer!



Torgeir som grillmester på personaltur i 2015.



BIBEL- OG NATURCAMP

på KVS-Bygland 7. juli - 14. juli 2024

«Midt i hjertet av Setesdal»

MØTER OG ARRANGEMENTER:

- Barnemøter med Regine Austegard, Elianna Stangvik og Helge Stangvik
- Bibelvandring for ungdommene
- Bibeltimer med Audun Hjellevik
- Kveldsmøter med tale og sang av Jostein og Esther Janøy
- Trygve Bjerkreim i ord og toner
- Gaither-konsert med Reggie og Ladye Love Smith
- Misjonsløp
- Fjellturer, fiske, gokart og andre utflukter



Tlf: 982 99 711 E-post: kbnilsen@hotmail.com
www.bibelognaturcamp.no



Frå USA til Bygland!

I år gjeng Bygland bibel- og naturcamp av stabelen frå 7.-14.juli.

► Tekst og foto: Olav Nilsen

Direkte frå USA!

Onsdag 10.juli set Reggie og Ladye Love Smith seg på flyet i USA, med direkte kurs for Bygland! Der skal dei ha konsert i Bygland kyrkje fredag 12.juli kl.19.00! Dette musikalske ekteparet er kjend over heile Amerika, og har og vore i Noreg tidlegare.

Reggie er medlem av Gaither Vocal Band, som mellom anna har vunne to Grammyprisar! Konserten er eit samarbeid mellom Bygland bibel- og naturcamp, Bygland sokneråd og Skjærgårdsgospel.

Mange gode musikalske innslag!

Men det er ikkje berre Amerikanarar som bidreg med gode musikalske innslag. I år som i fjor vert ekteparet Esther og Jostein Janøy frå Mjøndalen med oss på alle kveldsmøta, der dei både talar og syng! Laurdag 13.juli vert i tillegg Vonheimkoret og Gudmund Rambekk med oss i songen!

Born og ungdom!

I fjor var ein tredjedel av deltakarane born og ungdom, så då er det viktig å legge til rette for dei og! Regine Austegard tek i år som i fjor ansvaret for barneopplegget, og har i tillegg med seg søskenparet Elianna og Helge Stangvik frå Åseral. Kjenner me dei rett vert det ikkje berre barnemøte på formiddagen, men mange andre aktivitetar for born i alle

aldre. Dei litt større borna slår følge med Edvard Foss, som og i år tek dei med på daglege spanande bibelsamlingar!

Solide bibeltimar!

Elles er det ikkje berre godtfolk frå USA, Mjøndalen og Åseral som dukkar opp, for Osterøyas eigen Audun Hjelvik er tilbake med solide bibeltimar kvar einaste føremiddag!

Frisbeegolf!

Bibel- og naturcamp forpliktar! Det tyder at ikkje berre sjela får solid påfyll gjennom bibeltimar, bønemøte, kveldsmøte og konsertar, men at og lekamen får sitt – gjennom fjellturar, fiskekonkurransar og Misjonsløp! Nytt av året er at KVS Bygland saman med Bygland kommune er i ferd med å bygge opp eit stort område for såkalla "Frisbee-golf". Dette er ein sport som sprer seg lynraskt i heile Noreg, og sjøvsagt har sitt opphav i USA der dei i eit bakeri byrja å kasta paiformene til kvarandre for moro skyld. Det vil etter kvart bli montert over 20 korgar til formålet, så dette blir stas både for dei som har teken på slikt, og for dei vil som prøva seg for første gong!

Misjonsløp!

Misjonsløpet på fredagen er eitt av camp'ens høgdepunkt for alle spreke og mindre spreke syklande, gåande, og springande i alle aldre! Dei alle minste sit enno i barnevogna,

dei eldste har passert 80! Her er ikkje det viktigaste å vinna, men å delta. Og alle sponsormidlar går til KVS Bygland – som er eit misjonsprosjekt i seg sjølv med over 85 elevar som dagleg får høyra Guds ord! For meir info om skulen, sjå kvs.bygland.no

Matmarknad og tur med Bjoren!

Dagen etter misjonsløp og konsert med Reggie og Ladye Love Smith, vil nok mange laurdag 13.juli setja seg i bilen etter bibeltime og barnemøte, og ta turen opp til "Ose Matmarknad". Her kan du handla alt frå tradisjonsmat til strikketøy, og det "oser" bokstaveleg talt av boder og utsal av alle slag! For dei som vil ta ein tur på fagre Åraksfjorden, ligg den gamle vedfyrte dampbåten DS Bjoren klar nede ved kaia, og i solskin og sval bris er dette ein nostalgisk båttur du aldri vil gløyma!

Alt dette talar for at du bør koma allereie frå starten av på årets bibel- og naturcamp, så du får med deg alle dei gilde programpostane heile veka gjennom.

Velkomen til årets bibel- og naturcamp på KVS Bygland, og meld deg snarast på til tlf. 982 99711 eller mail: kbnilsen@hotmail.com
Velkomen til store og små, og til heile familien!

Glimt frå jubileumsveka 21.-26. mai



Svein Risdal, Janett Risdal og Jarle Stokkeland sørga for grillmat på aktivitets og marknadsdagen.



Ein av aktivitetane på lørdagen var å bake bollar som ein kunne få ta med seg heim.



Sjur Håland kåserte om leirstadane Holmavatn og Ognatun i Hå kommune. Han fekk på ein humoristisk og god måte fram mange sider ved bygging og vedlikehald av leirstadane. Om pågangsmot, tru, fellesskap, dugnad og velsing.



Ognatun var pynta til fest i jubileumsveka.



Sal av blomster er ein viktig del av marknadsdagen. Odd Narve Grude er klar!



På festen torsdag fekk dei frammøte smaka på jubileumskaker og smørbrød, alt laga på kjøkkenet på Ognatun.



Veka starta med jubileumskaffè på tirsdagen.



Det var over 100 som møtte fram på jubileumsfesten. Her var kåseri, historisk tilbakeblikk, andakt, og mange hadde helsingar og delte minner frå Ognatun.



Det var lagt opp til aktivitetar for barna. Dei hadde også ei eiga samling i grillhytta. Ognatun er først og fremst ein stad for og barn og ungdom.



Signe Kari Skårland og Stine Terese Erga steiker lapper på markedsdagen.

TENLEIR

VELKOMMEN til tenleir på Ognatun!

20.-22. SEPTEMBER

Fra 8. klasse og oppover

Påmelding på Imfrogaland.no åpner 19. august.
Påmeldingsfrist: 9. september.

SETT AV DATOEN ALLEREDE NÅ OG BLI MED!

Retreat
Ognatun
2024



5.-8. september
Temaretreat:
"Åndelig brønngraving"
med Ragnhild Fuglestad

Stillheten ved Guds farshjerte er i begynnelsen som å grave en brønn; tungt og kjedelig. Men når det levende vannet pipler frem, begynner oppdagelsesferden. "Uten Ham kan vi ingenting gjøre".

Retreatleder: Anne Berit Aarsland
Lovsangsleder: Kristin Helene Wingård
Åndelig veileder: Eirik Asle Pettersen, Henny Lie Sandve og Anne Berit Aarsland

Påmelding: Imfrogaland.no

Stoler til møtesalen

Stolane i møtesalen på Ognatun begynner å bli sletne og vi ynskjer å trekk dei på nytt.

Under 60 års jubileet sette vi i gang ein aksjon der våre misjonsvenner kunne få betale for omtrekking av ein stol til kr 1000. Så langt er 8 stoler finansiert. Dersom du som lesar av Siste Indre har lyst å vera med på denne aksjonen vil vi vera svært takksam for det. Betal kr 1000 til Ognatun sin konto 8220 02 80128, merk med: Stol



OGNATUN

Ved til sals:

Sekker med bjørkeved, 60 L, kr 125, pr stk
Pallar med granved, kr 1400 pr stk
Pallar med eikeved kr. 2000 pr stk
Kontakt Magne Skårland
tlf. 915 73 157



OGNATUNBASAR

TORS DAG 26. SEPTEMBER KL.1800

ANDAKT AV LARS AARSETH
SANG AV SÅNGZ
ÅRESALG, HOVEDTREKNING
OG ENKEL MATSERVERING.

HJERTELIG VELKOMMEN!

**Kringsjå
Invistering AS**

**Astor Industri
Eiendom AS**

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Kretsstyre og Ognatunstyret
- Sommarleirane på Ognatun
- Økonomien
- Lyngdal Bibelcamp
- Bygland, Bibel og naturcamp

Takke for:

- Bildøy Bibelskule
- Ny kretsleder
- «Jubilanten» Ognatun
- Barne og ungdomslaga
- Forsamlingane og foreningane

*Du kan sende inn bøneemner til kretskontoret, så tek vi det med på bønesamlingar som vi har.
Send sms til 459 55 969 eller på e-post: rogaland@imf.no*

Drøsetilbud

Livet går i bølgedaler.

Ønsker du en
prat om livet?



Booking og mer informasjon:
www.imfrogaland.no/drosetilbud



Rogaland

Tilbud om «intensiv» sjelesorg med forbønn på Ognatun i uke 33 (12.-16. august 2024)

Midt i august vil Geir Otto Holmås komme til Ognatun for å tilby samtale og forbønn over flere dager.

Geir Otto er teolog, forkynner og sjelesørger. Han har tidligere ledet flere retreater på Ognatun, senest i mars da han underviste på temaretreaten «Frigjort i Kristus – fra frykt, skam og religiøs kontroll.» Disse dagene har han med seg sin søster, Ingjerd Holmås, som også har lang erfaring som sjelesørger og forbeder.

Hva er det som tilbys?

- To eller tre samtaler i løpet av uka 12.-16. august, hver på ca to timer.
- To erfarne veiledere/ forbedere under alle sesjonene (begge kjønn)
- For de som ønsker det, vil det være mulig å bo på Ognatun (standard døgnpris)

Pris: Betal for samtaler det du ønsker/ har evne til. Anbefalt pris pr. time:

Ordinær samtale: 600,-

Studentrabatt: 500,-

Når arbeidsgiver betaler: 750,-

Forhåndspåmelding skjer til Geir Otto, send en e-post til goholmaas@gmail.com

Skriv gjerne noen ord om hvorfor du ønsker samtaler, og hvilke dager du har mulighet.



VIGRESTAD BYGG



WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505

NorProfil AS



Bryne Maskinering AS

Grude Gartneri
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon



Bryne Rør A/S

Pål Hatteland AS
Entreprenør

Mob 99278710

BR
BRYNE REGNSKAP

Tlf 975 25 110

Post@bryne-regnskap.no

www.bryne-regnskap.no

Le Service A S
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø



4362 Vigrestad

Tlf: 51 43 75 89 - Fax: 51 43 66 53

Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

din trafikkskole

Tlf.: 464 22 022

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

ROTT REGNSKAP OG RÅDGIVNING, TLF. 51 43 81 50 - WWW.ROTTREGNSKAP.NO

ROTT

Haugstad Eiendom AS

Postboks 37
4369 Vigrestad

WALDELAND MASKIN



Tlf: 90 79 61 44



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 69, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnaus@online.no



SERVICE • DELER
REPRASJONER

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

LYNGDAL BIBELCAMP 2024



LEIRSJEF

Daglig Leder ImF, Anja U Heggem

BIBELTIMER OG KVELDSMØTER

ImF- leder Runar Landro og Pastor Gunnar Ferstad

LOVSANG

VBF Lovsang (Vea Bedehusforsamling)

FREDAG 21.30

«Sammen i sanger» ved VBF Lovsang

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00

Funday

U 27

1.-7. juli



LEIRSJEF

Markeds- og arrangementsansvarlig i ImF, Kenneth Foss

BIBELTIMER

Forkynner Gunnstein Nes

KVELDSMØTER

Forkynner Henning Persson mand. - onsd.
Sangevangelistene Marit og Irene torsd. - sønd.

LOVSANG

Familien Sangott og Voldsund

FREDAG 21.30

«Sammen i sanger» med Sangott og Voldsund

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00

Jarle Waldemar

U 28

8.-14. juli



LEIRSJEF

Lærer, Solveig Hoesøy

BIBELTIMER

Radio pastor i P7, Ingvald A Kårbo

KVELDSMØTER

Ingvald A Kårbo, mand. og tirsd. Kretsleder i ImF-Sunnmøre
Johan Halne fra onsd. til sønd.

LOVSANG

Familien Løsneslekken

FREDAG 21.30

«Star of hope» konsert

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00

Rebecca Waldemar og Titus

U 29

15.-21. juli



LEIRSJEF

Kretsleder i ImF Sør, Ragnar Ringvoll

BIBELTIMER OG KVELDSMØTER

Lærer på Fjellhaug, Sverre Bøe mand. - torsd. bibeltimer
Forsamlingsarb. Aud Karin K Ringvoll fra torsd. - lørd. kveld

LOVSANG

Arvid Pettersen fra mand. til og med torsd.

Morten Samuelsen fra fred. til sønd.

FREDAG 21.30

Konsert med Morten Samuelsen

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00

Ave Odland, Lego Masters

U 30

22.-28. juli

Egen
Kidscamp
og
Ungdomscamp
alle uker

Booking av rom og leiligheter skjer på kvs-camping.no eller tlf 38 33 06 00 fra onsdag 31 januar klokken 10.00

Booking av plass for campingvogn, telt eller bobil skjer på bibelcampen.no eller tlf 38 33 06 00 fra tirsdag 30 januar klokken 10.00

FOR MER INFO OM PROGRAM SJEKK BIBELCAMPEN.NO

